Miljø, Teknisk, Næring

Arkivsak: 2016/1234 -8
Arkiv:
Saksbehandlar: Trine Solberg Johansen

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
75/2016	Formannskap	26.10.2016
64/2016	Kommunestyret	27.10.2016

Kommunal planstrategi 2016-2019 - sluttbehandling

Vedlegg:
1 Kommunal planstrategi 2016-2019
2 Planoversikt
3 Høyringsnotat
4 Høyringsnotat Fylkesmannen i Oppland

Innstilling frå administrasjonssjefen:

Lom kommune godkjenner *«Lom kommune – planstrategi 2016-2019»* med heimel i plan- og bygningslova § 10-1, slik den står fram i vedlegget.

Saksutgreiing

Dette er den andre planstrategien for Lom kommune. Kommunal planstrategi vart innført med plan- og bygningslova (2008), og i § 10-1 står det:

«Kommunestyret skal minst én gang i hver valgperiode, og senest innen ett år etter konstituering, utarbeide og vedta en kommunal planstrategi. Planstrategien bør omfatte en drøfting av kommunens strategiske valg knyttet til samfunnsutvikling, herunder langsiktig arealbruk, miljøutfordringer, sektorenes virksomhet og en vurdering av kommunens planbehov i valgperioden.»

Med den kommunale planstrategien skal planlegginga kunne gjerast meir behovsstyrt og målretta, samstundes som den ikkje skal vera meir omfattande enn nødvendig. Den skal vera eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å prioritere planoppgåver i valperioden. I tillegg til å ta stilling til m.a. om kommuneplanen skal reviderast eller vidareførast, skal den kommunale planstrategien avklare og prioritere behov for andre planoppgåver. Dette kan vera interkommunalt samarbeid, temaplanar, eller anna planrelatert arbeid.

Grunnlagsdokumentet utarbeida av administrasjonen, visar gjeldande planar med behov for rullering og nye aktuelle planbehov. Kommunestyret kom med innspel på dialogkonferansen 15. september, og høyringsfristen for å komme med innspel til planstrategien vart sett til 17.oktober. Innspel ligg ved i eiget høyringsnotat.

Vurdering

Alle landets kommunar skal utarbeide ein planstrategi. Dette er ein lovpålagt oppgåve, og nasjonale forventningar og regional planstrategi for Oppland dannar rammer for arbeidet. Dei nasjonale forventningane samlar mål, oppgåver og interesser som regjeringa forventar at fylkeskommunane og kommunane legger særlig vekt på i planlegginga i årene som kjem, og forventningsdokumentet er rettleiande for den regionale og kommunale planlegginga.

Rulleringa av kommuneplanen vart starta i førre periode, då registrerte behov for m.a. bustadtomter, næringsareal og hyttebygging i delar av kommunen, kravde ei oppdatering av kommuneplanens arealdel. Samfunnsdelen har vore på 1. gongs høyring, og samtidig vart oppstart av arealdelen annonsert. Samfunnsdelen skal vedtakast hausten 2016.

Planoversikten visar gjeldande planar og forslag til revisjonstidspunkt. Dette gjev ein felles og lett tilgjengelig oversikt over planane i kommunen, og den vil vera nyttig for å vurdere planbehov.

For alle dei ulike verksemdene i kommunen er det ein fordel å ha ein overordna strategi for korleis virkemidlane best skal nyttast, samtidig som planar må oppdaterast for å vere eit godt styringsdokument tilpassa gjeldande rammevilkår og dagens utfordringar.

«Lom kommune- planstrategi 2016-2019» er ei vidareføring av førre planstrategi, med oppdateringar og endringar etter dagens situasjon. Den viser utfordringar og planbehov, og vart lagt ut til offentleg ettersyn etter dialogmøtet 15.september i år. Oppdateringar etter høyringsrunden har blitt gjort, og er ført inn i eit høyringsnotat.